

## Høringsuttalelse Re Kraftverk

Denne høringsuttalelsen argumenterer mot ei utbygging av Storeelva på grunn av elvepadling.

Blant folk flest er elvepadling ein ukjent form for friluftsliv som blir sett på som ekstremспорт. For andre er elvene på vestlandet eit trekkplaster som gjer det attraktivt å bu i regionen. Om ein skal lokke unge vaksne ut av byane, er det nødvendig at bygdene kan by på noko byane manglar. Ofte er friluftsliv grunnen til at folk vel å busette seg utanfor byane. I bygdebyar som Førde, Sogndal og Volda florerer det av tilflyttarar som ønsker å nytte seg av naturen. Og blant desse blir det stadig fleire elvepadlarar. Ofte kjem elvepadling litt i skuggen av for eksempel topptur på ski, terrengsykling eller fjellklatring, då alle desse er så å seie obligatoriske aktivitetar for ein friluftinteressert no til dags. Men for 15 år sidan var det berre ein brøkdell som gjekk på topptur, klatra i fjellet eller sykla i terrenget. Elvepadling er ikkje ein folkesport per dags dato, men interessa er sterkt aukande.

Midt mellom Sunnmøre, Sunnfjord og Sogn ligg Storeelva. Dette er ei veldig populær og mykje brukt padleelv som stort sett har fin vassføring kvar dag frå april til november. I motsetning til mange andre elver i regionen er ikkje Storeelva verken spesielt bratt eller grunn, noko som gjer at den passer godt til padlarar med lågare ferdigheitsnivå. Sjølv om den ikkje er spesielt bratt har elva flotte stryk og spektakulær natur, og elva er ettertrakta av erfarne padlarar også. Sidan elva er ettertrakta blant både erfarne og mindre erfarne padlarar er Storeelva viktig for miljøet som heilheit. Plasseringa mellom Sunnmøre, Sunnfjord og Sogn gjer også at Storeelva fungerer som eit møtepunkt for padlemiljøet i regionen.

I Sunnfjord har padlemiljøet mista si desidert beste padleelv til kraftutbygging i Jølstra. Denne utbygginga førte også til at det kommersielle raftingselskapet Jølster Rafting måtte legge ned drifta. Andre fine padleelver i Angedalen og Stardalen har også blitt lagt i rør. Storeelva er dermed veldig viktig for padlemiljøet i Sunnfjord.

For elvepadlarar i Nordfjord og Sunnmøre brukar ein Eidselva til å lære seg å padle. Problemet med denne elva er det høge konfliktnivået med laksefiskarar, som ein også ser igjen i andre kjende fiskeelver som Årøyelvi, Lærdalselvi, Sogndalselvi, Eidselva, Bygdelva, Embla og Rauma. Denne konflikta slepp ein om ein reiser til Storeelva. For padlarar i Nordfjord og Sunnmøre er det ingen naturleg progresjon frå Eidselva, utan Storeelva. Det er den einaste grad 3 elva, med innslag av relativt trygg grad 4 stryk, som er å oppdrive i området.

Padlemiljøet har forståelse for at Noreg treng meir fornybar energi. Men nytten med ei kvar utbygging må vurderast mot ulempene. Re kraftverk vil bli eit elvekraftverk som

produserer straum når det er snøsmelting og regn. I regionen er det mykje elvekraft og småkraft som også produserer straum når det er snøsmelting og regn. Behovet for ny kraft er størst på vinteren, når det verken er snøsmelting, regn, vind eller solkraft frå Europa. Lokale grunneigarar og kommunen tar liten finansiell risiko med utbygginga, og vil heilt klart vere motivert av skatteinntekter. Det er inntekter som kjem godt med i eit jordbrukssamfunn, men vi som elvepadlarar meiner at tapt natur er ein dårleg måte å subsidiere jordbruk på. Elvepadlarar stiller seg også spørjande til nytten av kraftverket, då det er eit uregulerbart kraftverk som produserer straum i periodar med mindre behov for meir kraft.

I meldinga til Re Energi står det følgande: «Storelva blir også brukt til elvepadling, men ikke til rafting. Det eksakte omfanget av elvepadling i Storelva er vanskelig å anslå. Ifølge aktive personer i elvepadlarmiljøet brukes elva relativt mye til elvepadling (kanskje rundt halvparten av bruksomfanget i Jølstra), mens folk som bor i området rapporterer om det er relativt sjeldan å se elvepadlere i Storelva.» Vi meiner det ikkje er vanskelig å anslå omfanget av elvepadling i Storeelva. Vi stiller oss spørjande til påstand om halvparten av bruksomfang i forhold til Jølstra. Vi mistenker også eit motiv for underrapportering av registrert aktivitet frå grunneigarar og kommune.

Elvepadlemiljøet i regionen forventer ei seriøs og upartisk utgreiing om elvepadling i Storeelva, og at dette blir vurdert opp mot eventuell nytte av ei kraftutbygging.

På vegner av Sunnfjord Kajakklubb, Sjøspretten, Fosspadlarlauget og Bekkpadlarlauget

Kontakt: Sivert Roti - [sivertroti@gmail.com](mailto:sivertroti@gmail.com)